



Fylkesmannen i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1948 - 19/29924

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
09.10.2019

Oversender søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel for oppføring av bustad nr. 2 til uttale - gbnr 214/4 Fyllingsnes

Tiltak: Våningshus
Byggjestad: Gbnr: 214/4
Tiltakshavar: Arve Fyllingsnes

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel for oppføring av våningshus nr. 2 på gbnr 214/4. Bustaden som er planlagt oppført har valmtak og ein storleik opplyst til 16,8 x 12,3 meter.

På eigedomen står det i dag eit eldre våningshus. I 1983 vart det gitt løyve til oppføring av våningshus nr. 2 på garden. Dette vart godkjend frådelt i 2012, og har fått nytt gbnr 214/228.

Bustaden på garden er i dag i bruk av bestemor til søkjar. Søkjar sjølv bur i frådelt einbustad på gbnr 214/65 med adresse Fyllingsnesvegen 136.

Kommunen avlo søknaden i administrativt vedtak saknr. 472/19 datert 17.09.2019. Søkjar har klaga på vedtaket i brev mottatt 07.10.2019.

Saka vart ikkje send til regionale styresmakter for uttale før vedtak vart fatta, og vert difor oversend regionale styresakter for uttale før klagen vert tatt til handsaming.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål. Oppføring av våningshus nr. 2 er ikkje i samsvar med plan og krev at det vert søkt om og gitt dispensasjon.

Delar av tiltaket, i hovudsak tilkomstvegen frå privat veg og fram til bustaden, vil i tillegg liggja innanfor 100-metersbeltet mot sjø og krevja at det vert søkt om og gitt dispensasjon frå plan- og bygningslova §1-8



(Det generelle byggjeforbudet i strandsona). Det var ikkje søkt om dispensasjon frå pbl § 1-8 ved handsaming av søknaden. Dette vil verta retta ved handsaming av klagen.


Situasjonsplan




Planlagt bustad



Grunnkart



Ortofoto



Veglova

Ny bustad vil få tilkomst til kommunal veg via privat veg.

Jordlova

Tiltaket vil krevja handsaming etter jordlova. Landbruksavdelinga har gitt positiv uttale i skriv datert 17.09.2019.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Spørsmål i saka kan rettast til Anne Lise Molvik på tlfnr. 56 37 56 40 eller på e-post til anne.lise.molvik@lindas.kommune.no.

Saka med alle dokument finn ein i kommunen si innsynsløysing. Lenke finn du [her](#).

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Avslag på søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for oppføring av våningshus nr. 2 - gbnr 214/4 Fyllingsnes

Søknad om dispensasjon og nabovarsel

Situasjonsplan-v2

Flyfoto-skråfoto-3D-kart

Teikningar

Klage - Avslag på søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for oppføring av våningshus nr. 2 - gbnr 214/4 Fyllingsnes

Gbnr 214-4 Oversiktskart KPA

Kopi til:

Arve Fyllingsnes	Fyllingsnesvegen 136	5913	EIKANGERVÅG
Arve Fyllingsnes	Fyllingsnesvegen 136	5913	EIKANGERVÅG

Mottakarar:

Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Postboks 7900	5020	BERGEN
Lindås kommune ved vegavdelinga	Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ